



Med nær på 50 turgåarar på Ulvanåso i dag var Anine Enes den yngste og sprekaste. Saman med far Geir gjekk 11-åringen frå Tveitedalen og til toppen på under 3 timar og på biletet har ho nådd målet .

GPS-måling synte i dag toppen med ei høgde på 1248 meter over havet. Anine har før vore tre gonger på Ulvanåso og to gonger på Geitadalstind.

Skituren til Ulvanåso vert rekna som ein klassisk tur til ein av dei finaste toppane i Kvinnherad med flott utsikt, særleg mot vest mot havet og eit variert kystlandskap.

Veret avusikkert i dag. Ei stund låg toppen i skodde. I 11-tida letta det og det-var rettleg varmt og fint å vera på Høgeteen. Vi har sjeldan opplevd så mykje snø og med nokre centimeter nysnø på eit fast underlag gjekk mange leikande lett mot toppen på vel to timar.

I Kvinnherad Turlag sitt fylgje talde vi nær 20 turgåarar. Dei nådde toppen i 14-tida og var knapt heimkomne då dette innlegget vart forfatta. .
Minst like mange gjekk i mindre grupper.
Bjørn Olav Tveit gjekk opp frå Uskedalen og sigla ned same løypa.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal